

KLAPP^o

positiv psykisk helse i skulen



KLAPP – opplæring av lærarar om positiv psykisk helse

Målet med KLAPP er å gjera lærarar tryggare på sitt ansvar for å skapa eit godt psykososialt læringsmiljø, og slik støtta elevane si utvikling av god psykisk helse.

**GRUNNLEGGJANDE
PSYKOLOGISKE BEHOV**

Behovet for
RELASJONAR
- for å høyra til

Behovet for
KOMPETANSE
- for å meistra

Behovet for
AUTONOMI
- sjølvbestemming



Indre MOTIVASJON - trivsel




**FØLELSAR I
SKULEKVARDAGEN**

KVIFOR KLAPP?

Psykisk helse vert til der barn og unge lever liva sine. Skulen har difor ei nøkkelrolle og eit stort ansvar i å skapa eit psykisk helsefremjande miljø. Dette er også i tråd med formålsparagraf til skulen: *«Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og felleskap i samfunnet»*

KLAPP — UTVIKLINGSARBEID FOR HEILE SKULEPERSONALET

I KLAPP får lærarar opplæring om grunnleggjande psykologiske behov som alle har, nemleg behovet for tilhøyr, behovet for kompetanse og behovet for sjølvstende. På kurset vert det identifisert situasjonar der ein som lærar kan leggja til rette for at desse behova til elevane vert ivaretekne. KLAPP-kurset tar også opp korleis ein kan forstå kjensler i skulekvardagen. I opplæringa vert det lagt til rette for at den enkelte lærar får reflektera rundt sin eigen pedagogiske praksis, og særleg kring situasjonar ein opplever som krevjande.



STRATEGI FOR Å LUKKAST MED KLAPP

- Tar utgangspunkt i opplevde behov hos lærarar og skuleleiarar (pilotprosjekt)
- Heile skulen deltek, og arbeidar saman for å styrkja den einskilde lærar og skulekulturen
- Stor plass til systematisk refleksjon og erfaringsutveksling mellom kollegaer
- Brukar velfundert teorikunnskap frå pedagogikk og psykologi
- Gjer systematisk forskning på tiltaket

Prosjektleiar er høgskulelektor og stipendiat Solrun Samnøy solrun.samnoy@hvl.no

KLAPP er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen på Vestlandet, Sogn regionråd og HEMIL-senteret ved UiB.